



Referat etter møte i FAU ved Nordbygdo ungdomsskule.

Tid for møtet: torsdag 6.10.2022, kl.18.00 – 19.00

Stad: Nordbygdo ungdomsskule, gul base.,

Til: Tori Stokke Mæhle, Monica Hillestad, Camilla Tranøy, Håvard Hakestad, Heid Rannveig Reinsnos, Hanne Ådland Nesbø, Frank Biringer, Maria Sørdal, Sylvia Kaldestad.

Fråverande: Monica Hillestad, Camilla Tranøy Forth, Maria Rydningen

1. Konstituert nytt FAU

Leiar: Håvard Hakestad

Nestleiar: Tori Stokke Mæhle

KFU: Frank Biringer

2. Om undersøkinga gjennomført vår 2022 ang organisering av opplæringa..

Me gjekk gjennom undersøkinga gjennomført våren 2022, der ein spurde føresette m.a. korleis dei opplevde organiseringa av opplæringa ved skulen, korleis kommunikasjonen mellom skulen og føresette var organisert og korleis trinnorganiseringa hadde påverknad på elevane si faglege og sosiale læring. Skulen ynskjer medverknad frå føresette for å betra alle tilhøve ved skulen. Det var særst låg deltaking i undersøkinga gjennomført våren 2022, ca 30% hadde svara på undersøkinga. I svara som kom inn, fann ein likevel at me må leggja betre til rette for informasjon og kommunikasjon mellom skulen og heimen. M.a. kjem skulen til å invitera føresette, trinnvis, til samlingar på skulen. Der vil ein gå gjennom dei ulike verktya skulen nyttar, t.d. Docendo og Visma. Desse samlingane skal også vera eit sosialt treff for føresette. Me kjem tilbake til datoar for dei ulike trinna.

3. utfordringar i skulekulturen.

Me høyrer om særst grov og krenkande språkbruk mellom elevane og på sosiale media. Kva kan me gjera?

FAU spør korleis det no går etter at ein tok opp problemstillinga på foreldremøta ved skulestart. Her vart føresette oppmoda om å snakka med ungdomane sine – og prøva å få til sjølvrefleksjon blant ungdommen. Me trur denne problemstillinga kjem frå påverknad frå ulike sosiale media. FAU sender utfordringa også til Elevrådet, som vert utfordra til å jobba med dette direkte mot elevgruppa på skulen.

4. Skuleruta 2022 2023

Me ser på skuleruta. Litt kring permisjonar.

Skuleruta 2022-23 er å finna på skulen si heimeside og på kommunen si. Rektor ber føresette vera varsame med å ta ungdomane ut av skulen for ulike tilskipingar, i sær vårhalvåret på 10.trinn. Alt fråvær vil føra til redusert læring hos eleven.

5. Nytt skuleadministrativt system.

Alle føresette skal no ha tilgang til Visma, det nye skuleadministrative systemet kommunen nyttar. Her skal m.a alle permisjonssøknadane skrivast. Her kan ein også finna elevane sitt

fråvære, vurderingar i faga, framovermeldingar m.m. Skulen vil invitera føresette til info og praktisk rettleiing i bruk av Visma og Docendo i løpet av hausten.

6. Anna. Meld gjerne saker.

Vakt kring sykklar/sparkesyklar.

Ein opplev framleis at det vert tukla med sykklar som står kring skulen i skuletida. Det er heldigvis sjeldan det skjer, men FAU ber skulen om å skjerpa vakthaldet – og elevane vert oppmoda om å setta syklane på tilviste plassar der ein har betre oversikt gjennom skuledagen.

Oversikt over prøvar og innleveringar.

FAU etterspør ei oversikt der trinna informerer om prøvar og innleveringar. Dette er ikkje heilt optimalt i dei verktya skulen nyttar (Docendo, Visma). Skulen ynskjer å nytta eit «levande dokument», der ein kan gjera endringar som måtte koma i dei gitte periodane. Inn til ein finn ei god løysing, vil rektor be trinna laga eit dokument som syner kva som skal gjerast i løpet av den pågåande perioden.

Neste møte i FAU vert **torsdag 24.november.**

Meld gjerne saker på førehand.

Vedlegg:

Adresseliste FAU og Sosialt FAU, oppsummert foreldreundersøking frå i vår (gjeldande 9. og 10.trinn).

Ref.

Pål Roseth

-rektor-